Eg tenkjer på



# Solidaritet

Vi høyrer saman og bryr oss om kvarandre.

bravo®

Nynorsk

# Solidaritet

Boka passer for dei aller minste barna. Tekstsidene har stor og tydeleg skrift, fordi vi i denne boka set skriftspråket i sentrum. Dette gjer at boka er svært eigna til samlesing, som tyder at barna får sjå og lese i boka saman med deg. Boka høyrer til fagområdet etikk, religion og filosofi i Rammeplanen for barnehagar.

**Les og leik med boka slik:**

## INNHALD

**5 nøkkelord**
(solidaritet, høyre saman, støtte, dele, pengar)
**5 setningar**
**Illustrasjonar**
**3 spørsmål til teksten**
**Valbrett med svaralternativ**

### Døme 1

**Inviter barnet med på ei koseleg lesestund i sofakroken og les heile boka saman.**

Les høgt for barnet samstundes som de blar i boka. Spørsmåla får barnet hjelp til å svare på i etterkant. Du har alltid fasiten tilgjengeleg og vegleiar barnet så mykje som det treng for at det skal lukkast. Målet er å utforske nye omgrep og skriftspråket saman, og legge til rette for ei koseleg og lærerik lesestund.

### Døme 2

**Bruk boka i ei Bravo-runde.**
**Då vil boka vere ein av stasjonane.**
**Slik gjer du det i barnehagen:**

1. Presenter tittelen til boka og dei fem første nøkkelorda. Sei til dømes: "No skal vi lese nøkkelorda om solidaritet!". Vis og les dei fem nøkkelorda i hurtig tempo. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon. Repeter dette i tre dagar til boka går ut av Bravo-runda.

2. Neste gong boka skal inn på ein stasjon seier du: "No skal vi lese litt om solidaritet". Så viser og les du nøkkelorda, faktasetningane og bileta. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon og gjer også dette i tre dagar til boka går ut av runda.

3. Til slutt i boka finn de spørsmål til teksten og eit valbrett til å svare på. Bruk gjerne spørsmåla og valbrettet på puslestasjonen når de er ferdig med både nøkkelorda og setningane. Då får barna kjent stoff å jobbe med på puslestasjonen og det vert lett å svare på spørsmåla saman.

solidaritet

**høyre saman**

# støtte

dele

pengar

# Når vi deler med og støttar andre er vi solidariske.

**Solidaritet er ei kjensle av å høyre saman, som i ein familie.**



# Vi kan ha solidaritet med folk vi ikkje kjenner.

**Å hjelpe eller gi av tida eller pengane sine til nokon som treng det, er å vere solidarisk med dei.**



1. **Kven kan vi vere solidariske med?**
2. **Kva kan vi gi?**
3. **Har du gitt noko?**

**nokon som treng det**

**hjelp, tid og pengar**

**veit ikkje**